



Brynjar Mjanger Eide
Svindalsvegen 7
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10216 - 20/71385

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt- gbnr 24/44 Fammestad

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 24/44
Tiltakshavar: Brynjar Mjanger Eide

Viser til vårt brev av 09.06.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lekkasje og lågt nivå septiktanken på eigedommen din, med adresse Svindalsvegen 7, 5913 Eikangervåg. Frist for utbetring av tanken skulle vore satt til **07.08.2020**, men ved ein inkurie er dessverre fristdatoen blitt feil i brevet som vart sendt ut den 09.06.2020. Vi beklager dette.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å rette opp avviket på tanken slik at den tilfredsstillar dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn de informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve».*

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureinga, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med

bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Dersom du er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak, kan du ta kontakt med Alver kommune.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen er utbetra.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 12.01.2021** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at lekkasjen i tanken vert lokalisert og tetta.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsanlegget ikkje er utbetra **innan 12.01.2021**.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 12.01.2021**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Brynjar Mjanger Eide

Svindalsvegen 7

5913

EIKANGERVÅG